



STIFTELSEN NORSK INSTITUTT FOR
NATURFORSKNING NINA
Postboks 5685 Torgarden
7485 TRONDHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon

Solveig Kalvø Roald, 5557 2327

Tilsegn om tilskot til trua naturtypar 2021 - Forskingsbasert grunnlag for skjøtselsplan - Lygra - Lyngheisenteret

Tessa Baghia Bargmann frå NINA får tilskot til samanstilling og oppdatering av kunnskapsgrunnlaget som er knytt til skjøtselstiltak på lyngheisenteret på Lygra i Alver kommune. Tilskotet på 104.800 kroner blir utbetalt når vi har mottatt rapport for gjennomført tiltak.

Vi viser til søknaden din om 193.250 kroner til arbeid med samanstilling og oppdatering av kunnskapsgrunnlaget som er knytt til skjøtselstiltak på lyngheisenteret på Lygra.

Statsforvaltaren si vurdering og vedtak

Lyngheisenteret er referanseområde for kystlynghei som Utvald naturtype, og det blir gjort mykje forskning knytt til lyngheiskjøtsel her. Dette er kunnskap som bør behandlast systematisk, slik at den òg kan komme andre lyngheibønder til gode.

Arbeidet du vil gjennomføre vil i første omgang ha nytteverdi for arbeidet med å utarbeide skjøtselsplan for lyngheisenteret no i 2021. Ei samanstilling og oppdatering av kunnskapsgrunnlaget, vil kunne bidra til at vi i størst mogleg grad får ein kunnskapsbasert og praktisk skjøtselsplan for området.

Lyngheisenteret er eit nasjonalt kompetansesenter for formidling av kunnskap om kystlyngheiene, og ei god oversikt over skjøtselstiltak som er gjort på Lygra, og effekten desse har på lyngheiene, vil òg vere viktig for å gje råd til andre som forvaltar kystlyngheier.

Budsjettet som Statsforvaltaren i Vestland i år har fått til tilskot til truga naturtypar er lite samanlikna med søknadene og behova i dei mange verdifulle, skjøtselskrevjande naturtypane. Statsforvaltaren finn difor berre unntaksvis å kunne gje støtte til anna enn reine skjøtselstiltak. Sidan dette prosjektet vil kunne gje ringverknadar òg til andre lyngheiområde, ønskjer vi å gjere eit unntak for dette prosjektet, og vi har høve til å støtte prosjektet med 104.800 kr, som er oppgjeve som minstesum for at dette skal kunne gjennomførast.



Midlane blir overførte til kontonummeret som var oppgjeve i søknaden når vi har mottatt sluttrapport for at arbeidet er gjennomført. Om det skulle vere trong for å få midlane betalte ut tidlegare, kan dette avtalast nærmare.

Krav til rapportering og rekneskapsplikt

Sluttrapport skal registrerast i elektronisk søknadssenter seinast 1. oktober 2021.

For dei som er rekneskapspliktige etter rekneskapslova, skal bilag takast vare på i minst 5 år etter avslutting av rekneskapsåret.

For tilskot på meir enn kr 50.000 er det krav om skriftleg rapportering med rekneskap stadfesta av revisor.

Riksrevisjonen og Statsforvaltaren har rett til å føre tilsyn med at tilskotet vert brukt i samsvar med føresetnadene.

Tilskotet kan krevjast heilt eller delvis attende dersom det er utbetalt på feilaktige premissar.

Rett til å klage på vedtaket

Vedtaket om tilskot kan klagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er motteke. Ein eventuell klage skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Johannes Anonby
Seniorrådgjevar

Solveig Kalvø Roald
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Alver kommune Postboks 4 5906 FREKHAUG